



Leiv Jan Fosse
Fosse 146
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2103 - 15/14661

Saksbehandlar:
Per Atle Sæle
per.atle.sale@meland.kommune.no

24.07.2015

Retting av grenser i matrikkelen - innlegging av to fellesareal ved Fossesjøen

Johannes H. Fosse har i skriv d.02.07.2015 påpeikt feil i matrikkelkartet. Han har lagt ved utskrift frå rettsboka for Ytre Nordhordland jordskifterett frå 08.09.1975, der grensa for fellesarealet i sør mot bnr 2 er skildra. Jordskifteretten har ikkje skildra grensa mot nord mot bnr 14.

Kommunen har lagt inn ny grense for fellesarealet mot bnr 14 på nordsida av Fosse-elva. Arealet sør for denne grensa er matrikkelført med gnr 25 bnr 1 – 14. Her stod det tidlegare berre 25/14 i kartet. Jordskifteretten har i 1975 uttalt: «Om bnr 15, 16, 17, 36 og 52 har del i denne sameiga ved Fossesjøen, er ikkje handsama i denne sak». Meland kommune legg til grunn at det er bnr 1 til og med bnr 14 som har del i fellesarealet. Dersom fellesarealet skal utvidast med fleire bruksnummer, må eigarar av bnr 1 til og med bnr 14 ta dette opp i sameigemøte og koma med tilbakemelding til kommunen.

Det andre fellesarealet som er matrikkelført i dag ligg ved kaien på Fossesjøen. Dette fellesarealet er skildra i underutskiftinga på Fosse, tinglyst 25/4-1892. Her står det mellom anna: «*Sluttelig utstenedes et Stykke Mark ved Dampbådsbryggen til fælles Afbenyttelse; Stenene betegner en Linje, der begynder ved øverste Hjørne af Johannes Knudsens Nøst og går mot Vest 8 mtr til en Mærkesten og derfra mot Syd gjennom en Mærkesten til en D_o ved Bøggerdet omtr. 16 mtr fra Stranden*».

I samband med kart- og delingsforretning på bnr 14 i 2006, vart grensene for fellesarealet mot den nye parsellen gnr 25 bnr 162 gått opp og merka, medan avgrensinga mot sør ikkje vart gjort noko med. Dette er no retta, og kommunen har matrikkelført gnr 25 bnr 1-14 som eigarar av fellesarealet.

I 2012 vart kommunevegen ned til kaien matrikkelført med eige bruksnummer, gnr 25 bnr 174. Snuplassen på kaien er lagt inn som ein del av det nye bruksnummeret.

Vedlagt følgjer tre kartutsnitt som syner grenser før og etter rettinga. Ein gjer merksam på at grensene ikkje er innmålt og gått opp i marka. Dersom dette skal gjerast, må det haldast oppmålingsforretning som medfører at kommunen krev inn oppmålingsgebyr. For det som kommunen har retta opp her, vert det ikkje krevd gebyr.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ta kontakt dersom de har spørsmål.

I samsvar med matrikkelova §46 kan det klagast på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Med helsing

Per Atle Sæle
avdelingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Leiv Jan Fosse	Fosse 146	5918	FREKHAUG
Ragnhild og Kristoffer Slaatten	Ådlandsvegen 9	5918	FREKHAUG
Linda V. Aasheim og Kjartan Aarhus	Fosse 195	5918	FREKHAUG
Kristin Goverud og Tore Klepsvik	Fosse 205	5918	FREKHAUG
Aili Mjåtvedt Holst og Reidar Holst	Fosse 188	5918	FREKHAUG
Jarle Fosse	Fosse 180	5918	FREKHAUG
Geir Atle Fosse	Fosse 168	5918	FREKHAUG
Wilhelm Skråmestø	Fosse 147	5918	FREKHAUG
Aud Sølvi Fosse Drengenes		6924	HARDBAKKE
Anny H Fosse Mathisen	Fosse 127	5918	FREKHAUG
Ingrid Synøve Fosse	Bringebærstien 20	1400	SKI
Jan Helge Fosse	Movikveien 39	3135	TORØD
Johannes H Fosse	Sagstadvegen 55	5918	FREKHAUG
Margaret Fosse	Hønefoss bru 1 E	3510	HØNEFOSS
Henrik Wiik Kleven	Wergelandsalleen 12 A	5067	BERGEN
Kjetil Wiik Kleven	Wergelandsalleen 12	5067	BERGEN
Mads Wiik Kleven	Wergelandsalleen 12	5067	BERGEN
Gunvor Wiik	Øvre Lønborg 42	5039	BERGEN
VEST LAND EIENDOM AS	Statsminister Michelsens veg 38	5230	PARADIS
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG